

ID 549.26

MH/ML

Til

Fylkesvaraordfører Rogaland

Ordførere og kommunedirektører i Sunnhordland og på Haugalandet

REFERAT FRÅ FELLESMØTE FOR SUNNHORDLANDSRÅDET OG HAUGALANDSRÅDET

Fredag 11. september kl. 09.30, Skakkesenteret, Etne

Desse møtte:

Sunnhordlandsrådet

Bente Kari Sletten Taranger
Hogne Haugsdal
Morten Helland
Kjetil Aga Gjøsæter
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Åsmund Andersen Sekse
Wenche Tislevoll
Steinar Dalland
Vegard Bjørnevik
Sigbjørn Framnes
Marianne Jacobsen Hilt
Andre Mundal Haukås
Jostein Førre
Synnøve Bakke
Aud Gunn Løklingholm

Austevoll kommune
Austevoll kommune
Bømlo kommune
Bømlo kommune
Etne kommune
Etne kommune
Fitjar kommune
Fitjar kommune
Kvinnherad kommune
Stord kommune
Stord kommune
Sveio kommune
Sveio kommune
Tysnes kommune
Tysnes kommune

Haugalandsrådet

Egil Magne Våge
Nils Konrad Bua
Håvard Handeland
Tommy-René Stordal
Monika Lindanger
Ole Johan Vierdal

Bokn kommune
Haugesund kommune
Sauda kommune
Sauda kommune
Tysvær kommune
Vindafjord kommune

Andre

Svein Erik Indbjo
Svend Inge Stueland
Øyvind Midtbø Berge
Sigurd Sandvold

Rogaland fylkeskommune
Karmøy kommune
HVL
HVL

Alexandra Reksten Tufteland
Sigmund Lier
Torstein Nymoen
Tora Haslum Myklebust

HVL
Haugalandsrådet IPR
Haugalandsrådet IPR
Sunnhordlandsrådet IPR

Agenda og sakslista for dagen var:

09.30 Velkommen v/ Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, ordfører Etne kommune

09.45 Sak 1: Felles fråsegn reguleringsplan E39 Ådland - Sveгатjørn

10.15 Sak 2: Status på dei felles satsingsområda v/ rådsordførarane

- E134
- E39
- Kraft
- Analyse omstilling / Rekruttering og kompetanse
- Reiseliv

11.30 Lunsj

12.00 Orientering HVL

v/ Øyvind Midtbø Berge, prorektor for nyskaping og regional utvikling
Sigurd Sandvold, prodekan for nyskaping regional utvikling ved Fakultet for lærarutdanning,
kultur og idrett.

13.00 Sak 3: Kva arenaer bør råda delta i fellesskap på og oppsummering Arendal 2026

14:00 Omvisning Skakkesentert

Sunnhordland, 11. september 2026

Morten Helland
Rådsordfører
Sunnhordlandsrådet

Monika Lindanger
rådsordfører
Haugalandsrådet

REFERAT FRÅ FELLESMØTE FOR SUNNHORDLANDSRÅDET OG HAUGALANDSRÅDET
Fredag 11. september kl. 09.30, Skakkenteret, Etne

Sak 1: Felles fråsegn reguleringsplan E39 Ådland - Svevatjørn

I forkant av handsaming av fråsegn stilte Tysnes ordførar, Synnøve Bakke, spørsmål til regionråda om sin eigen habilitet i saka, då hennar bustad ligg tett på traseen for utbygging.

Sunnhordlandsrådet og Hauglandsrådet var einig om at dei ikkje fann ho inhabil, då ho i eit felles regionrådsmøte representera Tysnes kommune sine synspunkt.

Til handsaming av fråsegna, kom det i møte innspel på endringar til punkt 6, siste setning. Sjø endringar markert med gult under samrøystes vedtak.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet IPR og Hauglandsrådet IPR, som representerer kommunane Austevoll, Bømlo, Bokn, Etne, Fitjar, Haugesund, Karmøy, Kvinnherad, Sauda, Stord, Sveio, Tysnes, Tysvær, Utsira og Vindafjord, støttar reguleringsplanen og krev at staten følgjer planvedtaket opp med tydelig prioritering, finansiering og raskast mogleg overgang til byggjeklar fase.

1. Hordfast må realiserast

Sunnhordlandsrådet og Hauglandsrådet viser til framlegg til statleg reguleringsplan for E39 Ådland–Svevatjørn. Råda støttar planframlegget og meiner at ferdig reguleringsplan må markera overgangen frå langvarig planlegging til faktisk realisering.

Ferjefri E39 har gjennom fleire tiår vore ei av dei høgast prioriterte samferdslesakene for kommunane i Sunnhordland og på Haugalandet. Hordfast er ikkje eit isolert bruprojekt. Det er ei ny, samanhengande hovudåre mellom Stord og Os, og ein avgjerande del av ferjefrie E39 mellom Stavanger og Bergen. Prosjektet må vurderast ut frå den samla verknaden for Vestlandet og for Noreg som eksportnasjon.

Det er ikkje lenger grunnlag for omkamp om korridor eller trasé. Traséen er vald, omfattande utgreiingar er gjennomførte, og reguleringsplanen må vedtakast utan unødig forseinking.

2. Vestlandet kan ikkje delast i to

E39 er hovudtransportåra langs vestlandskysten. Rogfast er under utbygging, medan sambandet mellom Sunnhordland og Bergensområdet framleis er avhengig av ferje. Utan Hordfast får ein ikkje henta ut den samla nytten av investeringane på E39-korridoren.

Ferja fungerer i praksis som ei dagleg kolonnekøyring. Ho avgrensar flyten av arbeidskraft, kompetanse, varer og tenester, og ho gjer transporten meir tidkrevjande og mindre føreseieleg. For innbyggjarar og verksemdar er dette ei strukturell ulempe som ikkje kan løysast gjennom mindre tiltak eller justeringar i ferjetilbodet.

Hordfast vil knyta Stavanger, Haugesund, Sunnhordland og Bergen tettare saman. Eit ferjefritt samband vil skapa ein større og meir integrert bu- og arbeidsmarknad, styrkja mobiliteten og gjera det mogleg for fleire å bu og arbeida på tvers av dagens transportbarrierar.

3. Avgjerande for verdiskaping

Haugalandet, Sunnhordland og resten av vestlandet har sterke miljø innan maritim industri, havbruk, energi, prosessindustri og eksportretta verksemd. Desse næringane konkurrerer internasjonalt og er avhengige av effektive, stabile og føreseielege transportsamband.

Næringslivet står samstundes midt i ei omfattande grøn omstilling. Tilgang på rett kompetanse, større arbeidsmarknader og betre transport av varer og innsatsfaktorar er avgjerande for at omstillinga skal lukkast. Innovasjonsmidlar og statlege føringar får mindre effekt dersom kritisk infrastruktur framleis hindrar flyt av folk og gods.

Hordfast vil styrkja konkurransekrafta i eksisterande verksemdar, leggja betre til rette for nye investeringar og gjera regionen meir attraktiv for arbeidskraft og kompetanse. Prosjektet må difor vurderast som eit nærings-, omstillings- og samfunnsutviklingsprosjekt, ikkje berre som eit vegprosjekt.

4. Samfunnsnytta må leggjast til grunn

Statens vegvesen omtalar E39 Stord–Os som eit prosjekt med svært høg samfunnsøkonomisk nytte. Den store reisetidsreduksjonen og eit ferjefritt samband vil gi gevinstar for trafikantar, næringsliv og offentlege tenester.

Sunnhordlandsrådet og Haugalandsrådet åtvarar mot at Hordfast vert sett opp mot andre nødvendige samferdsleprosjekt i Vestland. Fylket treng både rassikring, betre fylkesvegar, vintersikker aust–vest-samband og ein samanhengande E39. Prosjekta løyser ulike behov og må vurderast som delar av ein samla transportinfrastruktur.

Kostnader må haldast under kontroll gjennom målretta optimalisering, god prosjektstyring og løysingar som tek vare på funksjon og framtidig kapasitet. Eventuelle kostnadsreduksjonar må ikkje svekkja den overordna målsetjinga om ein trygg, effektiv og framtidsretta hovudveg.

5. Bruk kompetansen i regionen

Vestlandet har verdslaiande teknologi- og kompetansemiljø innan maritim verksemd, konstruksjon, offshore, energi og komplekse operasjonar til havs. Denne kompetansen må nyttast i vidare utvikling og bygging av bruene over Langenuen og Bjørnafjorden.

Prosjektet kan verta eit utstillingsvindaug for norsk ingeniørkunst, teknologiutvikling og gjennomføringsevne. Staten bør leggja til rette for innovasjon, leverandørutvikling og størst mogleg nasjonal og regional verdiskaping innanfor gjeldande regelverk.

6. Krav til vidare framdrift

Når reguleringsplanen er vedteken, må staten sikra kontinuitet i prosjektorganisasjonen og finansiering av vidare prosjektering. Kompetanse og framdrift må ikkje gå tapt i ein ny venteperiode.

Sunnhordlandsrådet og Haugalandsrådet forventar at Hordfast vert gjort byggjeklart, og at prosjektet får ei bindande statleg prioritering som gjer oppstart mogleg så tidleg som råd. Det må samstundes arbeidast vidare med E39 sørover frå Ådland mot Bokn, slik at ein på sikt får ein samanhengande, trygg og effektiv E39 gjennom heile regionen.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet IPR og Haugalandsrådet IPR, som representerer kommunane Austevoll, Bømlo, Bokn, Etne, Fitjar, Haugesund, Karmøy, Kvinnherad, Sauda, Stord, Sveio, Tysnes, Tysvær, Utsira og Vindafjord, støttar reguleringsplanen og krev at staten følgjer planvedtaket opp med tydelig prioritering, finansiering og raskast mogleg overgang til byggjeklar fase.

1. Hordfast må realiserast

Sunnhordlandsrådet og Haugalandsrådet viser til framlegg til statleg reguleringsplan for E39 Ådland–Svegatjørn. Råda støttar planframlegget og meiner at ferdig reguleringsplan må markera overgangen frå langvarig planlegging til faktisk realisering.

Ferjefri E39 har gjennom fleire tiår vore ei av dei høgast prioriterte samferdslesakene for kommunane i Sunnhordland og på Haugalandet. Hordfast er ikkje eit isolert bruprojekt. Det er ei ny, samanhengande hovudåre mellom Stord og Os, og ein avgjerande del av ferjefrie E39 mellom Stavanger og Bergen. Prosjektet må vurderast ut frå den samla verknaden for Vestlandet og for Noreg som eksportnasjon.

Det er ikkje lenger grunnlag for omkamp om korridor eller trasé. Traséen er vald, omfattande utgreiingar er gjennomførte, og reguleringsplanen må vedtakast utan unødig forseinking.

2. Vestlandet kan ikkje delast i to

E39 er hovudtransportåra langs vestlandskysten. Rogfast er under utbygging, medan sambandet mellom Sunnhordland og Bergensområdet framleis er avhengig av ferje. Utan Hordfast får ein ikkje henta ut den samla nytten av investeringane på E39-korridoren.

Ferja fungerer i praksis som ei dagleg kolonnekøyring. Ho avgrensar flyten av arbeidskraft, kompetanse, varer og tenester, og ho gjer transporten meir tidkrevjande og mindre føreseieleg. For innbyggjarar og verksemdar er dette ei strukturell ulempe som ikkje kan løysast gjennom mindre tiltak eller justeringar i ferjetilbodet.

Hordfast vil knyta Stavanger, Haugesund, Sunnhordland og Bergen tettare saman. Eit ferjefritt samband vil skapa ein større og meir integrert bu- og arbeidsmarknad, styrkja mobiliteten og gjera det mogleg for fleire å bu og arbeida på tvers av dagens transportbarrierar.

3. Avgjerande for verdiskaping

Haugalandet, Sunnhordland og resten av vestlandet har sterke miljø innan maritim industri, havbruk, energi, prosessindustri og eksportretta verksemd. Desse næringane konkurrerer internasjonalt og er avhengige av effektive, stabile og føreseielege transportsamband.

Næringslivet står samstundes midt i ei omfattande grøn omstilling. Tilgang på rett kompetanse, større arbeidsmarknader og betre transport av varer og innsatsfaktorar er avgjerande for at omstillinga skal lukkast. Innovasjonsmidlar og statlege føringar får mindre effekt dersom kritisk infrastruktur framleis hindrar flyt av folk og gods.

Hordfast vil styrkja konkurransekrafta i eksisterande verksemdar, leggja betre til rette for nye investeringar og gjera regionen meir attraktiv for arbeidskraft og kompetanse. Prosjektet må difor vurderast som eit nærings-, omstillings- og samfunnsutviklingsprosjekt, ikkje berre som eit vegprosjekt.

4. Samfunnsnytta må leggjast til grunn

Statens vegvesen omtalar E39 Stord–Os som eit prosjekt med svært høg samfunnsøkonomisk nytte. Den store reisetidsreduksjonen og eit ferjefritt samband vil gi gevinstar for trafikantar, næringsliv og offentlege tenester.

Sunnhordlandsrådet og Haugalandsrådet åtvarar mot at Hordfast vert sett opp mot andre nødvendige samferdsleprosjekt i Vestland. Fylket treng både rassikring, betre fylkesvegar, vintersikker aust–vest-samband og ein samanhengande E39. Prosjekta løysar ulike behov og må vurderast som delar av ein samla transportinfrastruktur.

Kostnader må haldast under kontroll gjennom målretta optimalisering, god prosjektstyring og løysingar som tek vare på funksjon og framtidig kapasitet. Eventuelle kostnadsreduksjonar må ikkje svekkja den overordna målsetjinga om ein trygg, effektiv og framtidsretta hovudveg.

5. Bruk kompetansen i regionen

Vestlandet har verdslaiande teknologi- og kompetansemiljø innan maritim verksemd, konstruksjon, offshore, energi og komplekse operasjonar til havs. Denne kompetansen må nyttast i vidare utvikling og bygging av bruene over Langenuen og Bjørnafjorden.

Prosjektet kan verta eit utstillingsvindaug for norsk ingeniørkunst, teknologiutvikling og gjennomføringsevne. Staten bør leggja til rette for innovasjon, leverandørutvikling og størst mogleg nasjonal og regional verdiskaping innanfor gjeldande regelverk.

6. Krav til vidare framdrift

Når reguleringsplanen er vedteken, må staten sikra kontinuitet i prosjektorganisasjonen og finansiering av vidare prosjektering. Kompetanse og framdrift må ikkje gå tapt i ein ny venteperiode.

Sunnhordlandsrådet og Haugalandsrådet forventar at Hordfast vert gjort byggjeklart, og at prosjektet får ei bindande statleg prioritering som gjer oppstart mogleg så tidleg som råd. Det må samstundes arbeidast vidare med E39 mellom Ådland og Bokn, slik at ein på sikt får ein samanhengande, trygg og effektiv E39 for heila vestlandet.

Sak 2: Status på dei felles satsingsområda

Rådsordførarane tok ein gjennomgang og status på dei fem felles satsingsområda: E134, E39, Kraft, Analyse omstilling / Rekruttering og kompetanse og Reiseliv.

Det blei vedtatt å sette ned ei felles arbeidsgruppa for kraft, tilsvarande den ein har for samferdsel.

Det blei og vedtatt at dei to råda ynskjer å få tilsendt og presentert dei to ringverknadsanalysane Vestland og Rogaland fylkeskommune har utarbeid, med fokus på omstillinga industrien står i.

Samrøystes vedteke:

- a) Sunnhordlandrådet og Haugalandsrådet oppretter felles arbeidsgruppa for kraft, bestående av ordførarane frå Fitjar, Kvinnherad, Sauda og Tysvær. Administrasjonane legg til rette for møter, slik ein gjer for den felles samferdseldgruppa.
- b) Administrasjonane sender ut dei to ringverknadsanalysane som Vestland og Rogaland fylkeskommune har utarbeid, i lag med dette referatet. Analysane tar for seg kva ringverknader kommande omstilling i industrien vil ha, for næringslivet og kommunane sine tenester frametter. Administrasjonane vil og legge til rette for ein felles presentasjon av analysane for dei to regionråda. På bakgrunn av dette vil regionråda ta stilling til om ein skal gå vidare med arbeid, og kven som eventuelt skal ferdigstille ein felles rapport for Sunnhordlandsrådet og Haugalandsrådet.

Sak 3: Kva arenaer bør råda delta i fellesskap på og oppsummering Arendal 2026

Denne saka blei lagt fram for drøfting.

Begge regionråd uttrykte at dei ved eventuelt ei ny deltaking på Arendalsuka, så kunne dei tenkt seg å gjort noko saman. Ulike forlag blei presentert som felles møtelokale og/eller felles arrangement. Dei to regionråda har ikkje tatt stilling til om dei skal delta på Arendalsuka 2027 enda.

Andre felles arenaer som blei nemnt var Aqua Next og Vegkonferansen på Notodden.